



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 27.02.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge	Sølvi Dimmen	AP
Sindre Rotevatn	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef – PS 28/18 og 29/18
Elin Høydal Vatne	Leiar rus- og psykisk helseteneste – PS 28/18 og 29/18
Pål Are Vadstein	Prosjektleder – PS 27/18
Per Ivar Konsvik	Oppvekstsjef – PS 3018
Edvin Løfoll	Ingeniør – OS 26/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 22/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 23/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 24/18	Kulturminneplan 1917-1921
PS 25/18	Månadsrapport januar 2018
PS 26/18	Tilskot - Kimen Opera - 8.-9. juni
PS 27/18	Utbetring Botnavegen, status prosjektøkonomi pr. 09.02.2018
PS 28/18	Utgreiing om organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset
PS 29/18	Langtidsleige av Volda prestegard til Møteplassen Gnisten
PS 30/18	Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule
PS 31/18	Støtte til prosjektstilling skogprosjekt Volda/Ørsta 2018
PS 32/18	Orienteringssaker
OS 26/18	Presentasjon av prioriterte vegar-plassar for asfaltering 2018
OS 27/18	Fergeruter i Møre om Romsdal
OS 28/18	Status Høydal vassverk

PS 22/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var sju røysteføre ved møtestart.

Anders E. Straume møtte 12:04.

Det var åtte røysteføre.

Ordførar Jørgen Amdam orienterte om felles formannskapsmøte med Ørsta 21.02.18.

Odd A. Folkestad møtte 12:06



VOLDA KOMMUNE

Det var ni røysteføre.

Anders E. Straume ber formannskapet og ordførar om å halde trykket oppe på Fylkestannlegen om lokalisering av tannlege.

Det var reist spørsmål om status ved Pleieheimen/Sanitetshuset. Ordførar og Rådmann orienterte.

Innkalling:

Ettersendte dokument:

Vedlegg til PS 28/18 – Vedtak frå tenesteutvalet for helse og omsorg.

Vedlegg til PS 29/18 – Vedtak frå tenesteutvalet for helse og omsorg.

- Leigekontrakt Prestegarden
- Husreglar Prestegarden

Referat frå felles formannskapsmøte med Ørsta 21.02.18.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Odd A. Folkestad ber om at «Fergeruter i Møre og Romsdal» blir sett på saklista.

Odd Harald Sundal ber om at «Status Høydal vassverk» blir sett på saklista.

Røysting:

Saklista med tillegg frå Odd A. Folkestad og Odd Harald Sundal vart godkjent.

PS 23/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til protokollen frå førre møte.

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte 13.02.18 vart samrøystes godkjent.

PS 24/18 Kulturminneplan 1917-1921

Administrasjonen si tilråding:

I medhald av Plan- og bygningslova § 11-14 vert «Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021» godkjent slik det går fram av plandokument pr februar 2018.

Handsaming:



VOLDA KOMMUNE

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

I medhald av Plan- og bygningslova § 11-14 vert «Kommunedelplan for kulturminne 2017-2021» godkjent slik det går fram av plandokument pr februar 2018.

PS 25/18 Månadsrapport januar 2018

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapport for januar 2018 vert teke til vitande.

Handsaming:

Rådmann Rune Sjurgard orienterte.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

Månadsrapport for januar 2018 vert teke til vitande.

PS 26/18 Tilskot - Kimen Opera - 8.-9. juni

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet finn å imøtekomme søknaden med eit tilskot på kr 5 000 med dekning frå formannskapet sin disposisjonspost. Grunngevinga for tilskotet er at oppføringa skjer både lokalt, regionalt og nasjonalt arrangement (Nynorske Festspela), samt at komponisten er lokal der musikken vil kunne nyttast i framtidige samanhengar.

Handsaming:

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet då han syng i kor som skal være med under Operaen. Han gjekk frå under handsaming og røysting om gildskap.

Gunnar Strøm vart samrøystes kjent gild. Han tok sete igjen.

Rådmann Rune Sjurgard orienterte om formannskapet sin disposisjonspost.



VOLDA KOMMUNE

Gunnar Strøm fremma følgjande:

Formannskapet finn å imøtekome søknaden med eit tilskot på kr 25 000 med dekning frå formannskapet sin disposisjonspost. Grunngevinga for tilskotet er at oppføringa skjer både lokalt, regionalt og nasjonalt arrangement (Nynorske Festspela), samt at komponisten er lokal der musikken vil kunne nyttast i framtidige samanhengar.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og framlegget frå Gunnar Strøm.

Administrasjonen si tilråding fekk ingen røyster og fall.

Gunnar Strøm sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

Formannskapet finn å imøtekome søknaden med eit tilskot på kr 25 000 med dekning frå formannskapet sin disposisjonspost. Grunngevinga for tilskotet er at oppføringa skjer både lokalt, regionalt og nasjonalt arrangement (Nynorske Festspela), samt at komponisten er lokal der musikken vil kunne nyttast i framtidige samanhengar.

PS 27/18 Utbetring Botnavegen, status prosjektøkonomi pr. 09.02.2018

Saka vert lagt fram til orientering og drøfting utan framlegg til vedtak.

Handsaming:

Det var åtte røysteføre.

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet då han har familie som bur i Botnavegen, jamfør forvaltningsloven §6 1. ledd, bokstav b.

Han gjekk frå under handsaming og røysting om gildskap.

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild ved sju røyster. Han gjekk frå under handsaminga av saka.

Gunnar Strøm tok sete.

Det var åtte røysteføre.

Prosjektleiar Pål Are Vadstein orienterte om status og moglege alternativ i Botnavegen.

Fride Sortehaug fremma punkt 1. i kostnadsreducerande tiltak.

Fride Sortehaug trekte framlegget sitt.

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

Formannskapet ber om eit notat frå administrasjonen om konsekvensar og utset saka til neste møte.

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

Saka vert utsett til neste møte i Formannskapet 13.03.18.

Odd Harald Sundal tok sete.

PS 28/18 Utgreiing om organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset

Tenesteutvalet for helse og omsorg si tilråding:

- 1. Kommunestyret godkjenner at bustadane får ei bemanning på 5,32 årsverk (2 på dagvakt og 2 på seinvakt) til ein årskostnad på kr 3 990 000. For 2018 er kostnaden stipulert til kr 3 325 000 (ca 10 månaders drift)*
- 2. Bemanninga vert finansiert slik:*

<i>Løyvd i budsjettet for 2018</i>	<i>1 000 000</i>
<i>Intern omdisponering, jfr scenario 4 i saksutgreiinga</i>	<i>1 250 000</i>
<i>Forventa auka inntekter</i>	<i>550 000</i>
<i>Bruk av ubunde disposisjonsfond</i>	<i>475 000</i>
<i>SUM</i>	<i>3 325 000</i>
- 3. Bruk av ubunde disposisjonsfond er ei mellombels løysing for 2018 og skal frå og med 2019 dekkjast innanfor sektoren (ev prosjektmidlar til rusarbeid frå Helsedirektoratet eller midlar som kan frigjerast gjennom strukturelle eller organisatoriske prosessar i helse- og omsorgssektoren).*
- 4. THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.*

Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.

Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søker midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.

Handsaming:

Ettersendte dokument:

- Vedtak frå tenesteutvalet for helse og omsorg.



VOLDA KOMMUNE

Ordfører Jørgen Amdam og Rådmann Rune Sjugard orienterte.
Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål fra formannskapet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding med tillegg frå tenesteutvalet for helse og omsorg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

1. *Kommunestyret godkjenner at bustadane får ei bemanning på 5,32 årsverk (2 på dagvakt og 2 på seinvakt) til ein årskostnad på kr 3 990 000. For 2018 er kostnaden stipulert til kr 3 325 000 (ca 10 månaders drift)*

2. *Bemanninga vert finansiert slik:*

<i>Løyvd i budsjettet for 2018</i>	<i>1 000 000</i>
<i>Intern omdisponering, jfr scenario 4 i saksutgreiinga</i>	<i>1 250 000</i>
<i>Forventa auka inntekter</i>	<i>550 000</i>
<i>Bruk av ubunde disposisjonsfond</i>	<i>475 000</i>
<i>SUM</i>	<i>3 325 000</i>

3. *Bruk av ubunde disposisjonsfond er ei mellombels løysing for 2018 og skal frå og med 2019 dekkjast innanfor sektoren (ev prosjektmidlar til rusarbeid frå Helsedirektoratet eller midlar som kan frigjerast gjennom strukturelle eller organisatoriske prosessar i helse- og omsorgssektoren).*

4. *THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.*

Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.

Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søker midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.

PS 29/18 Langtidsleige av Volda prestegard til Møteplassen Gnisten

Tenesteutvalet for helse og omsorg si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

- 1. Volda kommune går inn på avtale med Opplysningsvesenets fond for leige av Prestegarden i Volda for etablering av dagsenteret Gnisten i huset*
- 2. Årleg husleige på kr 156 000,- vert for 2018 dekt ved bruk av disposisjonsfond. Vidare inndekning vert å handsame i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Kommunestyret godkjenner at investeringar i nødvendig utstyr mv på inntil kr 510 000 for å etablere seg i bygget vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.*

Handsaming:

Ettersendte dokument:

- Vedtak frå tenesteutvalet for helse og omsorg.
- Leigekontrakt Prestegarden
- Husreglar Prestegarden

Odd Harald Sundal reiste spørsmål om habilitet då han er kommunalt tilsett og har vore med på å tilrettelegge saka, jamfør koml. §40 nr. 3, b.

Han gjekk frå under handsaming og røysting om gildskap.

Odd Harald Sundal vart samrøystes kjent ugild. Han gjekk frå under handsaminga av saka.

Det er åtte røysteføre.

Ordførar Jørgen Amdam og Rådmann Rune Sjurgard orienterte.

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte og svarte på spørsmål frå formannskapet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

- 1. Volda kommune går inn på avtale med Opplysningsvesenets fond for leige av Prestegarden i Volda for etablering av dagsenteret Gnisten i huset*
- 2. Årleg husleige på kr 156 000,- vert for 2018 dekt ved bruk av disposisjonsfond. Vidare inndekning vert å handsame i komande budsjett og økonomiplan.*
- 3. Kommunestyret godkjenner at investeringar i nødvendig utstyr mv på inntil kr 510 000 for å etablere seg i bygget vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.*

Odd Harald Sundal tok sete.



VOLDA KOMMUNE

PS 30/18 Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule

Tenesteutvalet for oppvekst og kultur si tilråding:

- 1. Kommunestyret vedtek at frå skuleåret 2018-2019 skal det vere femdagars skuleveke for alle elevane ved Dalsfjord skule, og vel alternativ 2 i høyringsbrevet som organisering.*
- 2. SFO-tilbodet ved skulen vil verte utvida, slik at det også vert open SFO onsdagane.*
- 3. Det er ein føresetnad for tiltaket at sektor for opplæring og oppvekst i samråd med Dalsfjord skule finn dekning innan gjevne rammer for 2018. For komande år vert administrasjonen beden om å innarbeide utvidinga i budsjett.*

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

- 1. Kommunestyret vedtek at frå skuleåret 2018-2019 skal det vere femdagars skuleveke for alle elevane ved Dalsfjord skule, og vel alternativ 2 i høyringsbrevet som organisering.*
- 2. SFO-tilbodet ved skulen vil verte utvida, slik at det også vert open SFO onsdagane.*
- 3. Det er ein føresetnad for tiltaket at sektor for opplæring og oppvekst i samråd med Dalsfjord skule finn dekning innan gjevne rammer for 2018. For komande år vert administrasjonen beden om å innarbeide utvidinga i budsjett.*

PS 31/18 Støtte til prosjektstilling skogprosjekt Volda/Ørsta 2018

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å bidra med kr 100.000 i støtte til ei prosjektstilling for skogprosjektet Volda/Ørsta 2018.

Tiltaket vert dekt innanfor driftsramma for utviklingssektoren.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Formannskapet - 27.02.2018:

Kommunestyret vedtek å bidra med kr 100.000 i støtte til ei prosjektstilling for skogprosjektet Volda/Ørsta 2018.

Tiltaket vert dekt innanfor driftsramma for utviklingssektoren.

PS 32/18 Orienteringssaker

OS 26/18 Presentasjon av prioriterte vegar-plassar for asfaltering 2018

Handsaming:

Ingeniør Edvin Løfoll orienterte om asfaltering av vegar og svarte på spørsmål.

OS 27/18 Fergeruter i Møre om Romsdal

Handsaming:

Formannskapet gjev Ordførar fullmakt til å forfatte eit brev til Samferdselsdepartementet om snarleg møte.

OS 28/18 Status Høydal vassverk

Handsaming:

Ordførar Jørgen Amdam orienterte om prosessen. Det er komt mange nye krav til reinsing av vatn, og Høydal vassverk møter ikkje desse krava i dag. Rådmann Rune Sjugard orienterte om status, og at det vert lagt fram politisk sak om spørsmålet om kommunen skal overta Høydal vassverk.

Møte slutt kl. 15:50.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
28.02.18

Sunniva Utnes
Konsulent